

## **LANDSMØTE 2014**

### **Landsmøtet sine forhandlingar**

1. Konstituering: Val av møteleiar, referent og representantar til å underskrive protokollen frå møtet.
2. Årsmelding.
3. Revidert rekneskap.
4. Fastsettjing av kontingent.
5. Budsjett.
6. Handlingsplan.
7. Val av styre.
8. Val av valkomité på tre medlemmer etter framlegg frå styret.
9. Framlegg fremja av medlemer eller av styret.

## **Protokoll**

### **Landsmøte 18. mars 2014**

**Clarion Royal Christiania Hotel, Oslo kl 14.30**

**Tilstade: 13 stemmeberettiga medlemer**

#### **Sak 1. Konstituering**

Nestleiar Tom Oddby ønskte forsamlinga velkomen og la fram forslag om Terje Haram (Stiftelsen lokalhistorisk arkiv) som møteleiar og Ole Martin Rønning (Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek) som bisittar. Forsamlinga godkjente forslaget.

Nestleiar overlot ordet til møteleiar Terje Haram. Til å underskrive protokollen vart Ketil Jensen (Arkiv i Nordland) og Lene Tamburstuen (IKA Rogaland) føreslått. Inger Lene Nytingnes (LLP sekretariat) vart føreslått som referent.

Møteleiar føreslo vidare å stryke pkt. 6, taletid, på forretningsordenen. På sakslista vart det føreslått å handsame sak 9 før sak 7, val av styre handsamast.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner forslag til møteleiar, bisittar, representantar til å skrive under protokollen og referent. Landsmøtet godkjenner forretningsordenen og saksliste med dei føreslåtte endringane.

#### **Sak 2. Årsmelding**

Nestleiar presenterte eit samandrag av årsmeldinga. Møteleiar opna deretter for spørsmål og innspel. Det kom innspel frå forsamlinga om LLP sitt samarbeid med den danske søsterorganisasjonen ODA. Representanten la fram sitt syn om at dette er eit naturleg og viktig samarbeid å oppretthalde.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner årsmeldinga.

#### **Sak 3. Revidert rekneskap**

Nestleiar gjorde greie for årsrekneskapet. Han orienterte om at LLP sitt årsrekneskap har eit negativt resultat på kr 77 427. Resultatet skuldast i hovudsak at Det 6. norske arkivmøte ikkje genererte inntekter i 2013. LLP hadde budsjettert med kr. 95 000 i inntekter frå møtet.

LLP er ikkje nøygde med resultatet. Nestleiar understreka at LLP sin økonomi likevel er god og at organisasjonen har avsette fondsmidlar.

Cecilie Lintoft, som var LLP sin representant i komiteen for det 6. norske arkivmøte gjorde greie for kvifor arkivmøtet i år ikkje hadde generert inntekter på likt nivå som tidlegare. I all hovudsak skuldast dette at det var færre utstillarar på arkivmøtet i 2013 enn vanleg og at dette medførte ein betydeleg nedgang av inntekter. I tillegg var det mange av deltakarane på arkivmøtet som valde å bu privat framfor å bu på hotell, noko som bidrog til lågare inntekter.

Nestleiar las deretter opp revisjonsberetninga for forsamlinga.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner det reviderte årsrekneskapet.

#### **Sak 4. Fastsettjing av kontingent**

Møteleiar las opp styret si innstilling til vedtak, der det vart føreslått å ikkje auke kontingenoten i 2014.

Det vart føreteke votering. Ingen røysta mot framlegget.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner einstemmig styret si innstilling til vedtak. Kontingenoten vert ikkje auka i 2014.

#### **Sak 5. Budsjett**

Nestleiar gjorde greie for budsjettframlegget og kommenterte budsjettala for 2014 i samband med rekneskapstala for 2013.

Det vart føreteke votering. Ingen røysta mot framlegget.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner einstemmig styret sitt framlegg til budsjett for 2014.

#### **Sak 6. Handlingsplan**

Nestleiar las opp styret sitt framlegg til handlingsplan. Deretter opna møteleiar for spørsmål og kommentarar.

Ein representant i forsamlinga kommenterte at dialog med politikarar og beslutningstakarar er særsviktig framover. Det har vore nedskjæringar på post 74 i statsbudsjettet, noko som er ei politisk avgjersle. Eit spørsmål er kor lenge LLP kan verne seg frå desse nedskjæringane. Auka rammetilskot er avhengig av arbeid opp mot beslutningstakarane.

Nestleiar sa seg samd på vegne av styret. Han kunne informere om at dette var på dagsorden. LLP skal mellom anna delta på eit møte i Arbeiderpartiet sin familie- og kulturfraksjon 1. april, etter at Arbeiderpartiet inviterte kulturlivet til innspelskonferanse i samband med statsbudsjettet 2015.

Det vart føreteke votering. Ingen røysta mot framlegget.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner einstemmig styret sitt framlegg til handlingsplan.

#### **Sak 9. Framlegg fremja av medlemer eller av styret**

**Sak 9.1.** Framlegg frå Lokalhistorisk arkiv i Bergen. Framlegg om gradert medlemskap i LLP.

Stiftelsen lokalhistorisk arkiv trakk framlegget.

**Sak 9.2.** Framlegg frå LLP sitt styre. Endring av § 8 Styret si samansetning og valprosedyre.

Nestleiar gjorde greie for framlegget. Det vart lagt vekt på at LLP sine fagseksjonar ikkje har fungert godt og at styret ser det som meir føremålstenleg å arbeide i ei form der ein kan trekke vekslar på kompetansen i styret og av medlemene.

Ein representant i forsamlinga stilte spørsmål om grunngjevinga for framleggget. Nestleiar svarte at LLP har eit godt arbeid med både Riksarkivaren og Kulturrådet. Styret meiner det bør ligge til rette for obeservatørrett og så er det opp til Riksarkivaren og Kulturrådet om dei ønskjer å nytte seg av retten.

Ein representant i forsamlinga gav kommentar om at det var fornuftig å foreinkle organisasjonen i forhold til utval og seksjonar.

Det vart føreteke votering. Ingen røysta mot framleggget.

**Vedtak:** Styret sitt framlegg til endring av § 8 Styret si samansetning og valprosedyre vart einstemmig vedteke. LLP sine fagseksjonar vert avvikla og Kulturrådet får observatørrett på lik linje med Riksarkivaren.

#### **Sak 7. Val av styre**

Møteleiar las opp valkomiteen si innstilling til styre og påpeika at på bakgrunn av vedtak i sak 9.2 fell valkomiteen si innstilling til fagseksjonar vekk.

Det vart føreteke votering. Ingen røysta mot framleggget.

**Vedtak:** Landsmøtet godkjenner einstemmig valkomiteen si innstilling til styre.


#### **Sak 8. Val av valkomite på tre medlemer etter framlegg frå styret**

Møteleiar las opp styret sitt framlegg til valkomite.


Det vart føreteke votering. Ingen røysta mot framleggget.

**Vedtak:** Landsmøtet godkjenner einstemmig styret sitt framlegg til valkomite.

Nestleiar takka forsamlinga, møteleiar og avtroppande styremedlem. Møtet vart heva kl. 15.15.



Ketil Jensen  
Arkiv i Nordland



Lene Tamburstuen  
IKA Rogaland